



Referansar: KM 2/14, 05/15, KR 32/13, 31/14, 60/14, 04/15, 48/15, KR 21/16, BM 24/14, NFG 14/14, 23/14, 11/15, 06/16, 13/16, LMU 40/15, 01/16, BM 22/16, 42/16, KR 38/16, 52/16.

Arkivsak: 15/1241 - 20 (16/36798)

Fastsetting av liturgisk musikk

Samandrag

Eg skjemst ikkje over å seie det offentleg, at nest etter teologien finst det ikkje nokon kunstart som kan måle seg med musikken. Berre musikken kan skape det som teologien på anna vis gjer, nemleg å gi ro og glede til menneskesjela.

Martin Luther i brev til hoffmusikar Ludwig Senfl i 1530

Når Kyrkjemøtet no vedtek den nye ordninga for liturgisk musikk i 2017, skjer dette same år som vi markerer 500 år sidan reformasjonen. I Plan for kyrkjemusikk (vedteken av Kyrkjemøtet i 2008) er den lutherske kyrkja sin rike musikalske arv løfta fram:

Den kristne kyrkja er ei syngjande kyrkje. På ein særleg måte har den lutherske kyrkja ein kyrkjemusikalsk arv i form av salmar og songar som blir brukte ved gudstenester og kyrkjelege handlingar. I salmebøkene finn vi eit mangfald av tekstar og musikk som speglar kristen tru gjennom mange hundre år og fram til vår tid (...) Å skape nye uttrykk for gudstrua i samtida gjennom song, er ein kontinuerlig prosess.

Mange av dei faste ledda i ei gudsteneste syng vi òg saman med dei andre kyrkjelydane, ikkje berre innanfor Den norske kyrkja, men med kyrkjelydar i heile den verdsvide kyrkja. Den liturgiske musikken skiljer seg frå salmane, songane og instrumentalmusikken ved at den liturgiske musikken representerer *noko fast*, noko ein kan kjenne att frå søndag til søndag, og frå eit år til det neste. Den liturgiske musikken, om han er flunkande ny eller eldgammal, må vere *samlande*, noko vi *kjenner att*, og han må ha ei kraft i seg som kan røre ved dei djupaste strengane i menneskesinnet.

Høyring på gudstenestereforma fann stad i tida frå hausten 2008 til hausten 2009. Materialet som kom inn i høyringa tyda på at kyrkjelydane generelt sett hadde prioritert andre krevjande høyrings- og utprøvingssaker framfor liturgisk musikk.

Kyrkjerådet sitt kyrkjemusikalske utval, KMU, gav råd om at utprøvinga av liturgisk musikk skulle halde fram enno ei tid, sjølv om dette ville innebere at den liturgiske musikken ville verte vedteken seinare enn resten av ordninga. Kyrkjemøtet 2010 følgde tilrådinga frå KMU, og vedtok at utprøvinga skulle halde fram. I føreordet til permen «Liturgisk musikk for Den norske kyrkja», som kom ut i 2011, står det mellom anna å lese: «Når Kirkerådet sender dette omfattende materialet til utprøving i menighetene, skjer det med tanke på en senere evaluering av musikken.»

Kyrkjemøtet 2015 hadde oppe ei sak om liturgisk musikk. I vedtaket heiter det mellom anna: «Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet finne fram til ei avgrensa mengd med liturgisk musikk, som utgjør hovudseriane. Kyrkjemøtet rår til at hovudseriane vert nytta til dei fleste hovudgudstenester i kyrkjelydar over heile landet.» (sak KM 05/15)

Liturgisk musikkutval vart sett ned av Nemnd for gudstenesteliv (NFG) hausten 2014. LMU fekk i oppgåve å vurdere den liturgiske musikken som hadde vore prøvd ut før og under gudstenestereformen, samt å vurdere materialet i erfaringsinnhentinga som skulle finne stad. LMU starta sitt arbeid i januar 2015, og i juni 2015 leverte LMU forslaget til liturgisk musikk for Den norske kyrkja til NFG. Forslaget vart einstemmig vedteke i NFG: «NFG slutter seg til LMUs forslag til hovudserier for liturgisk musikk. Forslaget har et omfang og et innhold som svarer godt til Kirkemøtets bestilling» (NFG 11/15).

Kyrkjerådet (KR) handsama sak KR 48/15 Liturgisk musikk i september 2015. KR vedtok einstemmig, og utan endringar, å sende forslaget til liturgisk musikk ut på høyring. Høyringsdokumentet inneheldt musikk til alle sanglege liturgiske ledd.

Nemnd for gudstenesteliv handsama den liturgiske musikken etter høyringa, i NFG sak 06/16, og gjorde vedtak om å tilrå dei fem hovudseriane som var sendt på høyring. Kyrkjerådet vedtok i juni 2016 forslaget på fem hovudseriar med liturgisk musikk, til bruk i dei fleste hovudgudstenester i kyrkjelydar over heile landet. Når det gjeld liturgiske ledd som prefasjonane, prefasjonsdialogen «Herren vere med dykk», Fadervår med fleire, rår Kyrkjerådet, til å vidareføre store delar av musikken frå gudstenesteboka 1992. Kyrkjerådet rår til å opne opp for eit stort tilfang av musikk til ledd som bønensvar og Halleluja, slik òg høyringsmaterialet la opp til. Bispemøtet (BM) handsama den liturgiske musikken hausten 2016. BM støtta i hovudsak Kyrkjerådet sitt vedtak, og understreka at liturgisk musikk skal følgje den prosessen for godkjenning som gjeld for lokale grunnordningar.

Det er særskilt to tema vi stadig vender tilbake til i drøftingane omkring liturgisk musikk. Det eine er, som det står i høyringsdokumentet til liturgisk musikk, at «Den norske kyrkja har eit overordna ansvar for at medlemmene i kyrkja får høve til å kjenne att, lære og bli glade i dei liturgiske melodiane i ei heilt vanleg gudsteneste kvar som helst i landet». Det andre sentrale temaet, er det Ungdommen sitt kyrkjemøte (UKM) 2014 er inne på når dei held fram at UKM «ønsker å løfte fram viktigheten av å ha fleksibilitet og valgfrihet i valg av musikk og uttrykksformer.»

Forslag til vedtak

Kyrkjerådet rår til at Kyrkjemøtet gjer følgjande vedtak:

1. Kyrkjemøtet vedtek eit forslag på fem hovudseriar, som inkluderer tre allmenne seriar og to kyrkjeårsbestemte seriar.

2. Kyrkjemøtet rår til at hovudseriane vert nytta til dei fleste hovudgudstenester i kyrkjelydar over heile landet.
3. Kyrkjemøtet rår til at den liturgiske musikken ein kyrkjelyd nyttar til vanleg er lagt inn i lokal grunnordning for kyrkjelyden. I dette ligg òg at prosedyrane for godkjenning gjelde for den liturgiske musikken på lik linje med liturgien elles.
4. Liturgisk musikk utanom hovudseriane kan nyttast ved særskilte høve.
5. Kyrkjemøtet ber om at det vert utarbeidd ei vegleiing for bruk av den liturgiske musikken. Vegleiinga vert å regne som ein del av «Gudsteneste for Den norske kyrkja».
6. Kyrkjemøtet ber om at det vert publisert liturgisk musikk i ei trykksak som inkluderer både hovudseriane og dei sanglege ledda utanom hovudseriane.
7. Kyrkjemøtet vedtek følgjande hovudseriar:

Allmenne hovudseriar med liturgisk musikk

Allmenn 1

Kyrie/Bønerop: Her kan ein velgje å nytte anten

a) Kyrie frå høyringsforslaget til Allmenn 1 (frå allmenn serie 1977) eller

b) frå høyringsforslaget til Allmenn 1 (musikk av Halvdan Nedrejord)

Gloria/Lovsong: frå høyringsforslaget til Allmenn 1 (Allmenn serie 1977: Gloria med eller utan Laudamus, eller Gud, einast Gud/Alene Gud)

Sanctus/Heilag: Allmenn 1 som i høyringsforslaget (frå Allmenn serie 1977)

Agnus Dei/Du, Guds Lam: Allmenn 1 som i høyringsforslaget (frå Allmenn serie 1977)

Allmenn 2

Kyrie/Bønerop: som i høyringsforslaget (musikk av Mari T. Hinze)

Gloria/Lovsong: Allmenn 2 som i høyringsforslaget (musikk av Odd J. Overøye)

Sanctus/Heilag: Allmenn 2 som i høyringsforslaget (musikk av Odd J. Overøye)

Agnus Dei/Du, Guds Lam:

Allmenn 2, som i høyringsforslaget (musikk av Tore W. Aas)

Allmenn 3

Allmenn 3 som i høyringsforslaget (musikk av Trond Kverno).

Gjennomkomponert

Hovudseriar av liturgisk musikk for festtidene, «kvit serie»:

Kyrie/Bønerop: frå festtidsserien i høyringsforslaget (musikk av Trond Kverno)

Gloria/Lovsong: Gloria med Laudamus, som festtidsserien i høyringsforslaget (musikk av Trond Kverno)

Sanctus/Heilag: Nyskriven musikk til Sanctus (2016), av Harald Gullichsen.

Agnus Dei/Du, Guds Lam: frå høyringsforslag til festtidsserien (som 1977-musikken).

Hovudseriar med liturgisk musikk for fastetida, «lilla serie»:

Kyrie/Bønerop: som i høyringsforslaget (musikk av Terje Kvam)

Eventuelt sløyfe Gloria i fastetida. Gudstenesteboka opnar for at ein kan syngje Gloria i fastetida. I den lilla serien er det ikkje lagt opp til at ein nyttar Gloria. Der ein ønskjer å nytte Gloria i fastetida, sjå musikken som føreligg til Gloria i dei tre allmenne hovudseriane.

Sanctus/Heilag: som i høyringsforslaget (musikk frå fastetidsserien 1977)

Agnus Dei/Du, Guds Lam: som i høyringsforslaget (musikk av Henrik Ødegaard)

8. Kyrkjemøtet vedtek følgjande ledd som kan syngjast, og som såleis vil vere å finne i den liturgiske musikken for hovudgudstenesta. Nummerering og overskrift viser til ledda i «Ordning for hovudgudstenesta», i «Gudsteneste for Den norske kyrkja»:

3 Inngangsord

Det er fire inngangsord ein kan bruke, jamfør gudstenesteboka. Det bør føreligge notemateriale til alle desse fire, slik at det er høve til å messe inngangsorda. Døme på notemateriale finst i Norsk kantoribok og permen «Liturgisk musikk for Den norske kyrkja» (2011).

6 Kyrielitani

I «Ordning for hovudgudstenesta» står å lese i rubrikken: *Kyrie kan utvidast til eit kyrielitani. Her i samlingsdelen uttrykkjer det naudrop frå skaparverket og menneske i naud, og kan òg ha karakter av lovprising og tilbeding.*

«Fredslitaniet» i Norsk salmebok 2013 nr. 981 inngår her.

8 Dagens bønn

Dagens bønn vart vedteke av Kyrkjemøtet i 2014, og var med i siste sending med supplerande ark til «Gudsteneste for Den norske kyrkja», som vart sendt til kyrkjelydane.

12 Evangelium

Halleluja/ Salme

I rubrikken les vi mellom anna *Evangelielesninga blir innleidd og avslutta med eit hallelujaomkvede eller ein kort salme (...)*. Rubrikken seier noko om korleis ein kan nytte ein salme i dette leddet. I gudstenesteboka les vi, i rettleiinga til denne delen av ordninga: «Salmen eller korsongen bør byggja bru til preika.» Her er det naudsynt med tilsvarande vegleing i korleis Halleluja-ropet på same måte kan byggje ei slik bru. Til dømes kan ein velgje ut eitt vers frå evangelieteksten, og syngje dette mellom omkveda. Det er naturleg å vidareføre dei sju ulike Halleluja-omkveda som allereie finst i Norsk salmebok 2013, på nr. 977.1- 977.7. I fire av desse har ein høve til å syngje evangelievers mellom omkveda. Resitasjonsformelen til desse fire ligg i koralbok bind tre. Utforminga av resitasjonane til Halleluja i Koralbok bind tre sprengjer den ramma Halleluja-leddet har ei vanleg hovudgudsteneste. I koralboka er det mange vers, medan normen for Halleluja i samband med evangelielesninga bør vere eitt eller få vers.

I fastetida kan ein velgje å syngje eit anna omkved enn Halleluja, eller ein salme. Ein kan nytte ein bibelsk salme, i denne samanhengen òg kalla *Tractus*, eit omkved som vert nytta som alternativ til Halleluja i fastetida. Gode døme på slike omkved finst i Norsk salmebok 2013:

N 744 Guds rike er fylt av rettferd og fred/ The kingdom of God (...)

N 917 Hos deg er livsens kjelde/ Hos deg er livets kilde

N 922 Hos deg er livsens kjelde/ Hos deg er livets kilde
N 926 Herre, lat meg kjenna dine vegar/ Herre, la meg kjenne dine veier
N 927 Herre, til deg tek eg mi tilflukt/ Herre, til deg tar jeg min tilflukt
N 928 Herre, eg ropar til deg, du min Frelsar/ Herre, jeg roper til deg(...)
N 932 Frå djupet ropar eg til deg/ Av det dype kaller jeg på deg
N 939 Sjå, Guds Lam/ Se, Guds Lam

Også her er det naudsynt med vegleiingsmateriale som gir gode døme på korleis ein kan velgje ute vers frå evangelieteksten, og passe han til, slik at teksten og musikken høver saman.

14 Truvedkjenninga

I rubrikken les vi *Truvedkjenninga blir sunge eller sagt fram*. Den apostoliske truvedkjenninga i Norsk salmebok 2013 nr. 978 og den nikerske truvedkjenninga i nr. 979 høyrer med her.

17 Forbøn for kyrkja og verda

Her finn vi ei samling bønesvar, både korte og lengre. Det er tenkt stor grad av fleksibilitet inn i dette leddet, ved at ein kan velgje eit av desse, eller annan musikk. Når det er fleire bønneavsnitt med i forbøna er det ofte korte bønesvar som eignar seg best. Vegleiinga vil seie noko om korleis ein kan velgje musikk til dette leddet. Her bør òg vere rom for talt kyrkjelydssvar. Til dømes kan medliturgen seie «Gud, vi ber», og kyrkjelyden svarar «Herre, høyr vår bøn».

- *Høyr vår bøn/ Hør vår bønn*, av Magnus Beite
- *Høyr vår bøn/ Hør vår bønn*, av Jo Asgeir Lie/ Audun Flaen
- Bønesvar frå Egil Hovland, «Familiemesse»
- *Høyr vår bøn/ Hør vår bønn*, Iver Kleive
- *Gud, høyr vår bøn/ Gud, hør vår bønn*, Trond H.F. Kverno
- *Herre, høyr vår bøn/ Herre, hør vår bønn*, av Trond H.F. Kverno
- *Herre, høyr vår bøn/ Herre, hør vår bønn*, av Trond H.F. Kverno (som allereie er ein del av hovudserien *Allmenn 3*)
- *Din vilje skje*, av Patrick Matsikenyiri
- *Høyr vår bøn/Hør vår bønn*, av Odd Johan Overøye
- *Herre, vår Gud, høyr oss når vi ber/ Herre, vår Gud, hør oss når vi ber*, av Johan Varen Ugland
- *Gud, skap i oss tro, håp og handling*, av Solveig Hildre Spilling/ Hans Olav Baden

20 Takkseiing og bøn

Helsing PREFASJONSDIALOG

Her nyttar ein prefasjonsdialogen frå Allmenn serie 1977. Det finst òg eit alternativ til denne, i hovudserien *Allmenn 3*.

Innleiande lovprising PREFASJON

Prefasjonane frå gudstenesteboka 1992 vert vidareførte, då med dei nye tekstane. I rubrikken kan ein lese: *Lovprisinga under innleiinga er anten knytt til kyrkjeåret (sjå side 2.67-2.70 i Gudstenesteboka 2011), eller tilpassa den enkelte nattverdsbøna (sjå side 2.71-2.78)*. Fire ulike tonar tener som gode døme på musikalsk utforming knytt til dei nye tekstane:

- høgtideleg form, «Solemnis», her knytt til påskedagsteksten
- enkel form, her knytt til prefasjon for Advent
- prefasjon for Allehelgen

- prefasjon til nattverdsbøn B

Nattverdsbøn med Innstiftingsorda VERBA

Det føreligg notesette versjonar av alle nattverdsbønene i permene «Liturgisk musikk for Den norske kyrkja» (2011) Dette vert supplert med materiale frå Norsk kantoribok III B, eller med ei tilvisning til denne publikasjonen. I tillegg finst eit musikalsk alternativ i hovudserien *Allmenn 3*.

I rubrikken til dette leddet står å lese:

Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:

L Mysteriet i trua er stort.

A Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

Denne setninga kan leggjast til:

A Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

Til dette leddet føreligg musikk av Egil Hovland.

Fadervår

I rubrikken les vi at Fadervår lesast eller syngjast. Fadervår i Norsk salmebok 2013 nr. 984 og 985 høyrer med her.

22 Avslutning av måltidet

Dei fire alternativa frå gudstenesteboka 1992 vert vidareførte, med tekstane frå «Ordning for hovudgudstenesta».

24 Velsigning

Louprising BENEDICAMUS («Lat oss prisa Herren»)

Musikken frå «Gudstenestebok for Den norske kyrkja» (1992) vert vidareført. I tillegg kan ein nytte Benedicamus frå «Tu solus Dominus» (av Trond Kverno) eller Benedicamus som finst på nr. 949 i *Norsk salmebok*, 1985 (NoS)

Helsing SALUTATIO («Herren vere med dykk (...)»)

Musikken frå «Gudstenestebok for Den norske kyrkja» (1992) vert vidareført.

Velsigning

Musikken frå «Gudstenestebok for den norske kyrkja» (1992) vert vidareført».

Amen

Her treng vi fleire variantar til Amen enn det vi har i dag, som mellom anna svarer til noverande tone på velsigninga, samt til dei to andre føreslegne tonane. I tillegg til noverande «Amen» frå «Gudstenestebok for Den norske kyrkja» (1992), er desse med:

-«Amen» av Per Steenberg

-«Amen» frå «Lat oss prisa Herren!» på nr. 949 i NoS, av Henrik Ødegaard

Saksorientering

Bakgrunn

Samlepermen *Liturgisk musikk for Den norske kyrkja* (Eide, 2011) høyrer saman med gudstenesteordningane som Kyrkjemøtet vedtok i 2011, og som vi finn i *Gudsteneste for Den norske kyrkja* og *Tekstbok for Den norske kyrkja*. Permen vart gjeven ut «med tanke på 3-5 års utprøvingstid i menighetene før gudstjenestereformen som helhet evalueres og justeres av Kirkemøtet.» (frå føreordet til permen *Liturgisk musikk for Den norske kyrkja*). Kyrkjemøtet slutta seg til vurderingane Kyrkjerådet til kyrkjemusikalske utval (KMU) hadde gjort på grunnlag av høyringa i 2009. Kyrkjemøtet 2010 vedtok såleis at utprøvinga av liturgisk musikk skulle halde fram enno ei tid, sjølv om dette ville innebære at den liturgiske musikken ville verte vedteken seinare enn resten av ordninga.

Eit nytt kyrkjemusikalsk utval, Liturgisk musikkutval (LMU), arbeidde våren 2015 med handsaming av materialet med musikk i permen *Liturgisk musikk for Den norske kyrkja*, samt anna materiale Kyrkjerådet har fått inn i løpet av den perioden utprøvinga har funne stad. Utvalet sette opp tre kriterier som skulle kjenneteikne musikken i hovudseriane: 1) har slitestyrke 2) ligg godt til rette for felles sang i forsamling 3) har samsvar mellom tekst og musikk, samt god tekstdeklamasjon.

I løpet av arbeidet har LMU hatt relevante rapportar og fagartiklar å stø seg på, mellom anna forskningsrapporten «Noe falt i god jord - den norske kirkes gudstjenestereform sett fra menighetsnivå» (KIFO-rapport 2013:2), utvalde artiklar frå «Gudstjeneste á la carte: Liturgireformen i Den norske kirke» (Verbum akademisk 2015. Red. Anne Haugland Balsnes mfl.) og svara frå ei førebels undersøking om liturgisk musikk som LMU gjorde på nyåret 2015, der LMU fekk inn om lag to hundre svar, hovudsakleg frå kyrkjemusikarar, frå ein del prestar og frå andre respondentar.

Kyrkjemøtet i Trondheim i april handsama KM 05/15 Utprøving av liturgisk musikk. I vedtakspunkt to i KM 05/15 heiter det: «Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet finne fram til ei avgrensa mengd med liturgisk musikk, som utgjer hovudseriane. Kyrkjemøtet rår til at hovudseriane vert nytta til dei fleste hovudgudstenester i kyrkjelydar over heile landet.»

Kyrkjemøtet 2015 gav støtte til Kyrkjerådet si handsaming av saka etter Kyrkjemøtet 2014, og stadfesta tidsplanen om høyring hausten 2015 og endeleg vedtak i 2017. Samstundes gav Kyrkjemøtet 2015 konstruktive innspel til prosessen, og bidrog til å konkretisere og tydeleggjere oppgåvene som stod att. I tidsplanen ein viser til her, er det lagt opp til at saka går tilbake til NFG i mars 2016, deretter til Kyrkjerådet, til Bispemøtet og endeleg til Kyrkjemøtet i januar 2017.

LMU såg raskt at dei kom til å lande på å tilrå allmenn serie i gudstenestemusikken frå 1977 som ein av hovudseriane. Allereie i forskningsrapporten «Noe falt i god jord (...)» (2011) såg vi at den allmenne serien frå 1977 framleis vart mykje bruka av mange i høyringsperioden, og spesielt då musikken i nattverddelen av gudstenesta, til Heilag og Du, Guds Lam. Utstrekt bruk av den musikken vi kjenner godt frå før treng ikkje vere eit kvalitetsstempel i seg sjølv, noko forskningsrapporten òg peikar på. Likevel har både forskning og andre undersøkingar no vist at gudstenestemusikken frå 1977 er kjent og kjært arvegods av høgste kvalitet, som det er utenkjeleg at Den norske kyrkja no skulle gje slepp på som fast gudstenestemusikk.

I komitémerknadene frå kyrkjemøtesaka KM 05/15 Liturgisk musikk, heiter det: «...og ein av seriane bør ta utgangspunkt i rytmisk musikk og ha folkelege melodiar.» Allmenn 2 var LMU sitt svar på dette ønsket. Permen med liturgisk musikk inneheldt sterke bidrag frå ulike komponistar, samstundes var det ingen heil serie LMU opplevde kunne nyttast slik hovudseriane no var tenkt. Valet fall difor på ein samansett serie, som LMU kalla Allmenn 2, med Kyrie av Mari Tesdal Hinze, Gloria av Odd Johan Overøye, Sanctus av Odd Johan Overøye og Agnus Dei av Tore W. Aas. Utvalet sakna godt eigna liturgisk musikk til Gloria, særleg til den ordrike Laudamus-teksten. Dei tok difor kontakt med Overøye om dette. Han omarbeidde Laudamus-delen, og LMU vurderte musikken som både meir sangbar og tekstnær.

LMU vedtok Allmenn 2 og Allmenn 3, som utvalet meinte ville supplere Allmenn 1 på ein god måte, og gi rom for noko av den nyskapinga av liturgisk musikk som har funne stad i landet vårt etter at 1977-musikken kom. Det var mykje flott tradisjonsmusikk å velgje i, både i stilen «folkemusikkinspirert» og «klassisk norsk kyrkjemusikk». LMU ønska ein serie som skulle tilføre noko nytt i høve Allmenn 1, og samstundes vere eigna i små og store kyrkjelydar over heile landet, utan å krevje musikalske ressursar utanom det vanlege. Valet fall på «Missa ex ore Infantium» av Trond H.F. Kverno, som er både heilstøyt og relativt enkel å syngje, og som i tillegg har eit økumenisk perspektiv i seg.

Liturgisk musikk i samiske kyrkjelydar

Etter samtale med Sámi girkoráddi (Samisk kyrkjeråd) legg Kyrkjerådet til grunn at samiske kyrkjelydar kan velgje annan liturgisk musikk enn den Kyrkjemøtet no vedtek. Dei samiske tradisjonane for liturgisk sang og handsaming av musikk til dei tre offisielle samiske språka, sørsamisk, lulesamisk og nordsamisk, er område som har ligge utanfor rammene av Liturgisk musikkutval sine oppgåver.

Forslag til liturgisk musikk sendt på høyring

LMU sende det ferdige forslaget til Nemnd for gudstenesteliv i juni 2015, og dette vart einstemmig vedteke i NFG. I vedtaket frå NFG finn vi å lese: «NFG slutter seg til LMUs forslag til hovudserier for liturgisk musikk. Forslaget har et omfang og et innhold som svarer godt til Kirkemøtets bestilling» (sak NFG 11/15).

Forslaget til liturgisk musikk som vart sendt på høyring hausten 2015 inneheld fem hovudseriar til bruk i hovudgudstenestene, samt ei tilråding når det gjeld dei andre sanglege ledda i ei hovudgudsteneste. Mellom dei fem seriane som får status som *hovudseriar*, finn vi tre allmenne seriar, *Allmenn 1*, *Allmenn 2* og *Allmenn 3*, til bruk gjennom heile året, samt ein serie til bruk i festtidene, og ein serie til bruk i fastetida. I høyringa rår Kyrkjerådet til at den liturgiske musikken, inkludert musikk til alle sanglege ledd i liturgien, vert vedteken i Kyrkjemøtet 2017. I dette ligg òg at retningslinjer for bruk av ulike tekstformer, til alle ledd som kan syngjast, vert avklart i 2017.

Høyringa vart sendt ut til ei rekkje høyringsinstansar. Mellom desse var 6-8 sokneråd frå kvart bispedøme, i alt om lag 70 sokneråd, som var valt ut av bispedømekontora til å få eit særleg ansvar for å svare på høyringa.

Frå høyringa om liturgisk musikk (side 9-16)

Samandrag av høyringa

Kyrkjerådet har fått inn høyringssvar frå i alt 87 høyringsinstansar i høyringa på

liturgisk musikk. Høyringsinstansane som har svart på høyringa omfattar 37 sokn, åtte bispedømeråd, to biskopar og 40 andre instansar eller enkeltpersonar. 11 av respondentane har valt å svare med ein kort respons på om lag 100 ord, elles har respondentane valt å svare på alle eller ein større del av høyringssspørsmåla.

Når det gjeld generelle trekk i høyringssvara, er det stor semje omkring prinsippet: «Kyrkjemøtet 2015 rår til at Kyrkjerådet finn fram til ei avgrensa mengd med liturgisk musikk, som utgjer hovudseriane.» Heile 93,3 % er samd i dette, 2,7% er usamd, medan fire prosent har svara «veit ikkje».

Kyrkjerådet foreslo til saman fem hovudseriar med liturgisk musikk til bruk i dei fleste hovudgudstenester i dei fleste kyrkjelydar. Dette inkluderer tre ulike allmenne hovudseriar og to kyrkjeårsbestemte seriar. Dette forslaget fekk relativt god støtte i høyringa. 60.3 % meiner fem hovudseriar er «eit passe tal», og prosentdelen som meiner det er «for mange» (20.5%) er i nærleiken av prosentdelen som har svart «for få» (16.7%).

På spørsmål om tre allmenne seriar er for få, eit passe tal eller for mange, har 64.1% svara «eit passe tal», og prosentdelen som meiner det er «for mange» (15,4%) og «for få» (17,9) kjem nokonlunde likt ut. Når ein ser på kommentarfeltet til dette spørsmålet, tyder mykje på at respondentane som har svart «for få» ikkje først og fremst ønskjer seg fleire enn fem hovudseriar, men ikkje er nøgd med sjølve utvalet av musikk. Det som vert nevnt av fleire, er at hovudseriane alt i alt er for lite variert i uttrykket eller at ein ikkje ønskjer særskilte fest- og fastetidsseriar.

På spørsmålet «Skal ein kunne nytte ein musikkserie utanom hovudseriane berre ved særskilde høve, eller òg på fast basis?» viser det seg at gruppa av respondentar deler seg i to: 49,4% meiner musikken kun skal nyttast ved særskilde høve, og 46,8% meiner musikken skal kunne nyttast på fast basis.

Eit generelt hovudtrekk i høyringa er at den allereie innsungne musikken får best tilbakemeldingar, medan musikk som ikkje har vore prøvd ut så lenge, får meir blandatilbakemeldingar. Under kjem vi inn på høyringssvara som gjeld kvar enkelt av dei fem hovudseriane.

Til slutt i høyringa spurte vi «Kor nøgd er du med forslag til liturgisk musikk for hovudgudstenesta, alt i alt? Her skulle respondenten rangere svaret frå 1 (slett ikkje nøgd) til 6 (svært godt nøgd). Størst prosentdel finn vi på 4 og 5, som har fått 30,8% kvar. 6,2% har svara «svært godt nøgd» og 1,5 % har svara «slett ikkje nøgd». I alt 67,8% har svart i øvre halvdel av skalaen på dette spørsmålet, og har gitt «4», «5» eller «6».

Samandrag og vurderingar kring den enkelte hovudserie

Når vi kjem til den enkelte hovudserie, har respondenten hatt høve til å rangere kvart enkelt ledd på ein skala frå 1 til 6. Spørsmålet går på om musikken er velegna som liturgisk musikk i ei hovudgudsteneste. Talet 1 betyr at respondenten er «heilt usamd» i dette, og 6 betyr «heilt samd». Det er verd å merke seg at ein ikkje kan sjå på rangeringa som ei rein vurdering av korleis musikken eignar seg til bruk i ei gudsteneste, men ein bør lese svara med utgangspunkt i prinsippet om at nokre få seriar no får ein særskilt status som *hovudseriar*, framfor andre seriar med liturgisk musikk. Etter at respondenten har svart på desse spørsmåla, kjem eit felt med høve til å «kommentere, ta ut eller leggje til» noko i det enkelte forslaget til hovudserie.

Allmenn 1 i høyringa

I høyringa har heile 89,1 % gitt Allmenn 1, samla sett, «5» eller «6». Av enkeltledd scora «Du, Guds Lam» frå Allmenn 1 høgast, tett fulgt av dei andre ledda i same serie, frå den allmenne serien i gudstenestemusikken 1977. Når det gjeld Halvdan Nedrejord sitt Kyrie, det einaste leddet i Allmenn 1 som er lagt til av Kyrkjerådet i høyringsforslaget sin «Allmenn 1», har 28,1% svara at dei er «svært godt nøgd», og har gitt den seks av seks mulege poeng. Om lag 60% av respondentane har gitt «4», «5» eller «6».

Vurderingar kring Allmenn 1

Høyringa etterlét ingen tvil om at den allmenne serien frå 1977 bør vere med vidare mellom hovudseriane. Halvdan Nedrejord sitt Kyrie har fått meir blanda tilbakemeldingar. Nokre kommenterer at dette Kyrie-leddet bør vere eit supplement som ikkje treng å inngå i serien Allmenn 1. Vi ser likevel at dei fleste som har kommentert leddet i høyringa, ønskjer å ha dette med, anten mellom hovudseriane eller som eit supplement. Ein respondent skriv at « (...) det må reflekteres rundt bruk av samisk liturgisk musikk. Å avspises med én Kyrie-sats som nå, er ikke tilfredsstillende.» Liturgisk musikkutval reflekterte rundt akkurat dette i sine samtalar våren 2015, og foreslo at det vert arbeidd vidare med det samiske perspektivet i liturgisk musikk. Ein respondent har kommentert at «Man bør se nærmere på harmoniseringen av Nedrejords Kyrie.» Dette har òg LMU vore inne på i si handsaming av materialet.

Allmenn 2 i høyringa

Litt over 50% av respondentane har gitt «1», «2» eller «3» til Allmenn 2, samla sett. Den same tendensen ser vi i rangering av enkeltledda. Samstundes er det mange av respondentane som svarer «midt på treet». I alt 55,7% gir «3» eller «4», som er midt på svarskaalen, 29,5% svarer «3» og 26,2% svarer «4» på spørsmålet om Allmenn 2 er veileigna som liturgisk musikk i ei hovudgudsteneste.

Hovudserien Allmenn 2 kan seiast å ha fått middels god tilbakemelding i høyringa. Fleire er inne på at det er for lite samheng mellom dei ulike ledda, og spør seg om ein kunne få ein meir homogen og heilskapleg serie ved å velgje ein komponist gjennomgåande i heile serien. I høyringa kjem det fram ulike forslag til korleis dette kunne løysast, men ingen forslag peikar seg ut som representative. Ledd frå Peter Sandwall sin serie er nemnt, det same er ledd frå Magnus Beite, Iver Kleive, Odd Johan Overøye, Per Aa. Tveit, Åshild Watne, Tore Aas og fleire. Nokre få respondentar foreslår heile Tore Aas sin serie som Allmenn 2, og like mange foreslår heile Odd Johan Overøye sin serie som Allmenn 2.

Vurderingar kring Allmenn 2

Alt i alt er det ingen forslag som ser ut til å kunne stå seg like godt som det utvalet som er gjort av Liturgisk musikkutval, og som Kyrkjerådet einstemmig gjekk for å sende på høyring. Som vi har sett er det ingen av forslaga over som går igjen mange gongar, forslaga er nemnt av ein eller få respondentar, og forslaga går i mange ulike retningar.

Ein del av respondentane kommenterer at enkelte ledd ikkje er slitesterke nok. Slitestykke må seiast å ha vore eit av dei kriteriene LMU la størst vekt på i handsaminga av materialet i permen. Samstundes kan ein ikkje fullt ut vurdere slitestykke over tid, på basis av ulike kvalitetskriterier. Det er sjølvstykklare å vurdere slitestykken i den musikken som allereie er innsungen gjennom mange år, enn i det nyare materialet.

Tekstformen i Kyrie avvik frå dei tekstformene vi har i gudstenesteboka. Dette er eit tema nokre av respondentane er inn på. Slik vi òg vil sjå under vurderingane kring Allmenn 3, inneheld forslaget som har vore ute på høyring ulike tekstformer som kan nyttast side om side. Det er viktig at vi i si tid sørgjer for samsvar mellom gudstenestebøkene og musikken på dette punktet. Som vi alt har sett, er det høve til å velgje andre Kyrie i Allmenn 2, men LMU sitt forslag står seg framleis etter høyringa. Fleire respondentar er inne på noko av dette: «Gloria er fint i kortversjon, men i fullstendig form blir den alt for komplisert.» Heller ikkje på dette punktet gir høyringa noko godt svar på korleis det kunne vore løyst på ein betre måte enn det ein har gjort i høyringsforslaget. Kanskje kan dette henge saman med at det i utgangspunktet er ei utfordrande oppgåve å skape musikk som høver til den opphøgde og samstundes svært ordrike Laudamus-teksten. Ein respondent skriv at dette kunne ha vore løyst betre dersom ein valde gjendiktinga til Olov Hartmann. Der har vi få alternativ å velgje i, og ingen forslag LMU ønskte å gå vidare med.

Nokre respondentar kommenterer at musikken i Allmenn 2 ikkje er godt lagt til rette for band. Ein respondent skriv «Kriterium for rytmisk musikk bør vera at det også kan nyttast av orgel åleine, og/eller i samspel med band.» Det å tilretteleggje musikken slik at den fungerer godt både for orgel åleine, for band åleine og for samspel mellom orgel og band, synest å kunne ivareta mange av respondentane sine ønskje om instrumentering i Allmenn 2.

Allmenn 3 i høyringa

Allmenn 3 har 26,2% som svarar «3» og 19,7% som svarar «6». 14,8% har gitt serien «2» og like mange prosent har gitt han «5». 11,5% har gitt «1», og 13,1% har gitt «4». Elles ser vi den same tendensen når det gjeld enkeltledda her, som i responsen på Allmenn 2, men med nokre få prosent høgare respons i nedste del av skalaen på enkeltledda i Allmenn 3, og at ledda Kyrie/Bønerop og Gloria/Lovsong har tett over 50% som har svara «4», «5» eller «6».

Nokre respondentar har foreslått inn andre seriar i staden for musikken vi finn i høyringsforslaget til Allmenn 3. Følgjande konkrete seriar er foreslått av ein eller to respondentar: den heile serien av Odd Johan Overøye, serien av Peter Sandwall, serien av Henrik Ødegaard, serien av Tore Aas, liturgisk musikk av Harald Gullichsen, liturgisk musikk av Kjell Mørk Karlsen. Jo Asgeir Lie sin serie er foreslått av fire respondentar, ein respondent foreslår ein folkemusikkserie som Allmenn 3, ein respondent foreslår ein konkret samansett serie med musikk av Terje Kvam, Trond Kverno og Harald Gullichsen.

Vurderingar kring Allmenn 3

Medan det er stor semje omkring Allmenn 1 sin plass mellom hovudseriane, gir høyringa mindre støtte til utvalet av musikk i Allmenn 2 og Allmenn 3. Enkeltledd i seriane har fått gode tilbakemeldingar, og det finst respondentar som har gitt seks av seks mulege poeng til seriane.

Som vi har sett, har Allmenn 3 fått noko større støtte i høyringa enn Allmenn 2, men dei to seriane kjem nokolunde likt ut, samanlikna med responsen den allereie kjente Allmenn 1 har fått. For Allmenn 3 sin del er det ikkje slitestyrke eller manglande samanheng mellom ledda i serien som er kommentert i høyringssvara, slik som var tilfelle med Allmenn 2. Dei to momenta respondentane samla sett er mest opptekne av når det gjeld Allmenn 3, er tekstgrunnlaget og at messa krev forsongar eller kor.

Forsongarar

Det å nytte ein eller fleire forsongarar i gudstenesta er heilt i tråd med den ønska involveringa av medliturgar, som har vorte vidareutvikla gjennom gudstenestereforma. Medliturgane utfører særskilde liturgiske oppgåver, som til dømes å lese tekstar, leie bønner eller vere forsongarar. Når vi nyttar veksel song mellom forsongar og kor, slik både Allmenn 3 og festtidsserien legg opp til, set det oss ikkje berre i kontakt med sterke røter i kyrkjarahistoria, kyrkjemusikkhistoria og liturgihistoria. Det at vi nyttar veksel song mellom forsongar og kyrkjelyd når vi er samla til gudsteneste har mange fine sider ved seg, som det kan vere verd å reflektere over.

I høyringa er nokre respondentar inne på at dei ikkje har dei store ressursane til kor og forsongarar. Her kan det vere naudsynt at vi minner om at det berre trengst ein einaste person til å vere forsongar, med ei stemme som kan bere. Og ved å utnytte akustikken i kyrkjerommet på best muleg måte, er dette overkomeleg i dei aller fleste kyrkjerom. Vi viser òg til tenesteordninga for kantor, der det står om ansvaret kantoren har for å rekruttere friviljuge.

Tekstformer

Nokre respondentar i høyringa kommenterer teksten som ligg til grunn for musikken i Allmenn 3, og stiller spørsmål ved om musikken bør nyttast i den lutherske gudstenesta. Teksten har ei enklare, meir forklarande form. Du, Guds Lam står i ein meir austleg enn vestleg kyrkjeleg tradisjon, der bildet i Openberringsboka av Kristus som Lammet får meir preg av lovsong og eskjatologisk forventning, enn av bøn om miskunn. Men dette momentet kan òg seiast å ivareta eit økumenisk perspektiv. Så og seie til alle tider har det eksistert ulike tekstvariantar til dei liturgiske ledda, og desse har levd side om side. I handsaminga av Allmenn 3 er det verd å merke seg at det er den vestkyrkjelege tradisjonen som ligg til grunn for musikken, og vi vurderer såleis musikken som godt eigna til bruk i Den norske kyrkja.

Dei kyrkjeårsbestemte seriane for fest og faste

Eit grep som har fått stor støtte i høyringa, er at forslaget inneheld musikk for fastetid og for festtidene. Heile 74,3 % har svart «ja» på spørsmålet «Er det viktig at forslaget inneheld musikk som er særskilt eigna for bruk i fastetid og for bruk i festtidene?». 18,9 % har svara «nei», og 6,8% har svara «veit ikkje».

Det er 24 sokneråd som har valt å svare på om det er viktig at forslaget inneheld musikk til festtid og musikk til fastetid. 18 av desse svarer ja, medan seks svarer nei.

Seks av åtte bispedømeråd har valt å gå inn på spørsmålet om musikk til festtid og fastetid. Eit av desse, Agder og Telemark BDR, meiner det ikkje er viktig at forslaget inneheld musikk til fastetid og festtid, medan dei fem andre meiner dette er viktig. To av desse fem, held fram at festtidsmusikken og fastetidsmusikken frå 1977 bør med. Nord Hålogaland legg til at dei spesielt saknar festtidsskyrie frå 1977.

Blant fagforeiningane, er det to av tre som vel å gå inn på spørsmålet om musikk til festtid og fastetid. Begge desse, Mfo og Pf, meiner det er viktig at forslaget inneheld musikk til festtid og fastetid. Både Mfo og Pf ønskjer at ein skal kunne bruke festtidsserien og fastetidsserien frå gudstenestemusikken frå 1977, og Mfo held fram at dei særskilt saknar festtidsskyrie frå 1977.

Sju utdanningsinstitusjonar har valt å svare på om det er viktig at forslaget inneheld musikk til festtid og fastetid. Seks av desse sju svarer at dette er viktig.

Mellom dei som stiller seg anten tvilande eller negative til å ha med bestemte

«kyrkjeårsseriar» blant hovudseriane, finn vi Kyrkjemusikksenter Nord (KIN), Ung kyrkjesong og Det teologiske Menighetsfakultet (Mf). KIN viser til at fastetidspreget kan verte ivareteke ved at ein i fastetida nyttar Tractus (svar til evangeliet) i staden for Halleluja og Salutatio i staden for Benedicamus, i tillegg til val av salmar og musikk elles i fastetida. Mf er inne på noko av det same, og meiner at gudstenesteboka bør ha ein rubrikk som rår til bruk av Tractus i staden for Halleluja, og å sløyfe Gloria i fastetida.

Festtidsserien

Tett over 60% har gitt positiv respons og svart i øvre del av skalaen når det gjeld kor nøgd dei er med heile festserien. Det vil seie at respondentane har gitt «4», «5» eller «6», og dei kan seiast å vere nøgd med festtidsserien, samla sett. 17,9 % av respondentane gir «6», og seier at dei er «heilt samd» i at musikken er veileigna til bruk i festtidene, medan om lag 8,9% svarer at dei er heilt usamd i dette. Ein stor del av kommentarane til festtidsserien går anten på at heile serien er lite feststemt, eller at musikken LMU har valt til Sanctus-leddet til festtidene ikkje høver som festtidsmusikk. Fleire respondentar er inne på at Kyrie/Bønerop og Gloria med Laudamus/Lovsong (fullstendig) i denne festtidsserien krev minimum ein forsongar, og at dette er ein uheldig premiss å leggje til grunn i den einaste hovudserien vi har for festtidene.

Den satsen som har fått best tilbakemelding i festtidsserien, er Agnus Dei, den einaste satsen i serien som er vidareført frå 1977-forslaget. Over femti prosent av respondentane gir denne seks av seks mulege poeng. Kyrie/Bønerop i festtidsserien har òg fått gode tilbakemeldingar, og legg vi saman prosentdel som har gitt anten «5» eller «6», kjem desse to satsane så og seie likt ut, på om lag 70%.

I høyringssvara kjem det fram ulike forslag til konkrete justeringar av festtidsserien. Dei forslaga som går igjen oftast, er å ta inn Kyrie frå festtidene 1977 eller heile festtidsmusikken frå 1977. Når det gjeld andre konkrete forslag til Kyrie og Gloria, finn vi i kommentarfeltet nemnt både Hovlands Missa Verbi og Johan Varen Ugland sin musikk i gudstenestepermen frå 2011. Fleire respondentar nemner Gloria med Laudamus (fullstendig Gloria)frå den allmenne serien frå 1977. Fleire respondentar nemner òg Gud, einast Gud/Alene Gud. Desse to siste satsane er allereie med i høyringsforslaget, i forslag til Allmenn 1. Andre forslag til Sanctus, men som berre ein eller to har nemnt, går ut på å byte ut musikken til Sanctus med Sanctus frå Allmenn serie 1977, frå festtidsserien 1977, med Gullichsen sitt Sanctus i permen som kom ut i 2011, eller med Overøye sitt Sanctus i serien Allmenn 2 frå høyringsforslaget.

Fastetidsserien

Omlag 64% er alt i alt nøgd med fastetidsserien, det vil seie har gitt «4», «5» eller «6». 22,4 % er heilt samd i at musikken er veileigna til bruk i fastetid, medan 10,3 prosent er «heilt usamd» i dette.

Musikken til Heilag/Sanctus har kome best ut blant satsane i fastetidsserien. Denne satsen er vidareført frå 1977-musikken. Alle som kommenterer denne i høyringa, kommenterer han positivt, med «fungerer bra», «er flott» og «er en vinner». 52,5% av respondentane gir «6» til denne satsen. 84,7% gir totalt sett «4», «5» eller «6» til denne satsen. Val av musikk til Kyrie/Bønerop har fått noko betre tilbakemeldingar enn val av Agnus Dei/Du, Guds Lam.

Mange av dei som kommenterer fastetidsserien, nemner at dei ønskjer Kyrie og Agnus Dei frå 1977-musikken med i ein fastetidsserie, eller seier at dei ønskjer fastetidsserien

frå 1977 i staden for serien i høyringsforslaget. Trass i dette, finn vi kommentarar som «Dette var en av de bedre seriene, med et tydelig fastepreg» og «Samlet sett det beste og mest enhetlige forslaget, tross ulike komponister.»

Utdanningsinstitusjonane kan seiast å vere relativt godt nøgd med fastetidsserien i høyringsforslaget, og av dei seks institusjonane som meiner det er viktig å ha med kyrkjeårsvariantar mellom hovudseriane, er det fire av dei som har gitt seks av seks mulege poeng til fastetidsserien som samla serie.

Barne- og ungdomsperspektivet

Høyringa på liturgisk musikk gjekk ut til ei rekkje barne- og ungdomsorganisasjonar innanfor Den norske kyrkja. Av desse er det berre Ung kyrkjesong og IKO, Kyrkjeleg pedagogisk senter, som har svart på høyringa.

Ung kyrkjesong skriv: «Man bør samle seg mest mulig om en serie som er lik over hele kongeriket (...) Gjerne med to ulike sjangermessige serier i tillegg. Det bør være anledning på særskilte dager å bruke alternativ musikk.»

IKO går ikkje inn på den enkelte serie i forslaget, men svarer overordna om utprøvinga som har funne stad dei siste åra:

De liturgiske leddene blir for mange ikke gjenkjennbare og gudstjenesten som felles uttrykk forsvinner. Ikke minst rammer dette barn og unge som skal bli kjent med og kunne bruke den liturgiske musikken i møte med menigheten og gudstjenestelivet. For å kunne lære dette godt er det behov for gjentakelse og gjenkjenning.

Høyringssvaret frå IKO vert avslutta slik:

Dette vil være med å styrke det overordnede ansvaret: at den liturgiske musikken i de vanlige høymessene er gjenkjennbare for både barn, unge og voksne i menigheten.

Nokre respondentar har forstått det slik at Allmenn 2 i forslaget er meint å vere ein «ungdomsserie» for særskilte gudstenester mynta på ungdom. Til dømes er Kyrkjeleg utdanningssenter Nord (KUN) inne på dette, og påpeikar at forslaget såleis ikkje er i tråd med gudstenestereformen sine intensjonar om ei hovudgudsteneste som skal femne alle aldersgrupper. Likeeins har somme av respondentane forstått dette slik at Allmenn 3 er tenkt som ein «barneserie» meint for særskilte gudstenester med mange barn tilstades. Her er det grunn til å påpeike at Liturgisk musikkutval (LMU) ikkje har hatt intensjon om at forslaget skulle innehalde ein eigen barneserie og ein eigen ungdomsserie. Temaet var drøfta tidleg i utvalet sin arbeidsprosess, og LMU valde å ikkje foreslå eigne seriar for barn og ungdom. Fleire av respondentane nemner på den andre sida at dei ønskjer seg nettopp slik musikk i forslaget, musikk som er «skreddarsydd for barn» og annan musikk som er «skreddarsydd for ungdom». Til dømes svarer ein respondent som ønskjer seg fleire enn fem hovudseriar: «Vi ønsker oss mangfold. Spissede serier, for eksempel barn, ungdom.» Ein annan respondent har svart: «Vi ønsker flere serier (...), evt. en barneserie.»

Høyringsforslaget går ikkje inn på å drøfte kva som er det mest pedagogiske overfor barna. Er det på den eine sida å nytte ein «skreddarsydd» serie mynta på barn og unge, eller er det å lære barna den faste musikken som kyrkjelyden brukar i dei aller fleste gudstenester?

Musikk som skaper attkjenning

Resultata frå forskningsrapporten på gudstenestereformen, spørjeundersøkinga om liturgisk musikk våren 2015 og no sist, høyringa på liturgisk musikk, kan nærast seie å ha gitt *attkjenning* status som ein kjerneverdi for hovudgudstenesta i Den norske kyrkja. Er det muleg å kombinere attkjenning med den nyskapinga og variasjonen vi trass alt vil ha? Variasjon, musikalske overraskingar og skapande fornying vil og bør halde fram etter det endelege vedtaket i 2017. No kan fornyinga skje på bakgrunn av innsikt og erfaring frå utprøvinga og høyringa, der *attkjenning* har vist seg å vere ein sentral verdi for mange.

Kyrkjerådet var einstemmig i å sende forslaget til liturgisk musikk ut på høyring hausten 2015. Forslaget var basert på ein grundig gjennomgang av materialet, og eit gjennomarbeidd forslag frå Liturgisk musikkutvalg, med respons frå referansegruppa undervegs. Nemnd for gudstenesteliv og Kyrkjerådet meinte at forslaget svarte godt til det Kyrkjemøtet 2015 hadde vedteke i saka om liturgisk musikk, og innhaldet stemte i tillegg godt overeins med kva for musikk som hadde fått dei beste tilbakemeldingane i forskningsrapportane på gudstenestereform og liturgisk musikk.

Vi har eit stort mangfald av liturgisk musikk innanfor Den norske kyrkja. Kyrkja er rik på både musikalsk tradisjon og fornying. Høyringa slår fast at høyringsinstansane vil ha begge delar, og at fornyinga inneber både musikalsk fornying i rytmisk tradisjon og i klassisk tradisjon. Når vi ønskjer å skape ei reell attkjenning i folkekyrkja, er det ikkje nok å vedta eit sett med hovudseriar, og elles halde fram med å bruke det kvar kyrkjelyd har landa på i løpet av utprøvingstida. Dersom attkjenninga skal kunne verte ein realitet, treng Den norske kyrkja ei sterk vilje til å samle seg om noko, og å gjere nettopp det.

Handsaming av liturgisk musikk etter høyringa

Nemnd for gudstenesteliv handsama den liturgiske musikken etter høyringa, i NFG sak 06/16. Vedtaket samsvarer med forslag til vedtak i KR 21/16. NFG gjorde vedtak om å tilrå dei fem hovudseriane som var sendt ut på høyring, med unnatak av Sanctus Heilag for festtidene, som NFG ønska å handsame på nytt. NFG gav LMU mandat til å arbeide vidare med å finne eit Sanctus for festtidene med eit meir høgtidssamt preg. Kyrkjerådet gjekk ut til komponistforeiningane og til kyrkjemusikarane via bispedømekontora, med ein open invitasjon til å sende inn musikk til Sanctus for festtidene. Då fristen gjekk ut, hadde det kome inn 27 forslag til nytt Festtids-Sanctus, og dei fleste av desse var nyskrivne satsar. Etter at LMU hadde gjort si innstilling, vedtok NFG i sak NFG 13/16 eit nytt Sanctus for festtidene.

I LMU si innstilling heiter det:

LMU har på oppdrag av NFG gjennomgått de tilsendte forslag til Sanctus for festtidene. Vi har hver for oss spilt og sunget de 27 tilsendte bidrag. I møtet 26.04.2016 ble disse bidragene gjennomgått ut fra de kriterier vi tidligere har lagt til grunn. I tillegg var vi opptatt av å finne et festtidspreget Sanctus som også passet sammen med de øvrige leddene i denne serien. Før gjennomgangen –hver for oss og i plenum – var vi ikke klar over hvem opphavspersonene var. Dette ble først meddelt etter at LMU hadde gjort sitt valg. LMU går enstemmig inn for bidrag nr. 14 – et nykomponert Sanctus som viser seg å være skrevet av Harald Gullichsen.

Høyringa på liturgisk musikk hausten 2015 inkluderte òg musikk til ledd utanom hovudseriane. Kyrie (Bønerop), Gloria (Lovsong), Sanctus (Heilag) og Agnus Dei (Du,

Guds Lam), det vil seie ordinarieledda, utgjør til saman hovudseriane, og har fått størst merksemd i høyringa. Kyrkjemøtet 2015 uttalte seg spesifikt om ordinarieledda i KM 06/15. NFG prioriterte difor at LMU skulle arbeide med hovudseriane, og har valt å ikkje gå detaljert inn i musikken utanom ordinarieledda. Det er naudsynt at òg desse andre sanglege ledda får ei grundig handsaming no som høyringa har funne stad, før Kyrkjemøtet skal vedta musikken, jamfør sak KR 52/16.

Kyrkjerådet vedtok i sak KR 21/16:

1. Kyrkjerådet vedtek eit forslag på fem hovudseriar, som inkluderer tre allmenne seriar og to kyrkjeårsbestemte seriar.
2. Kyrkjerådet rår til at hovudseriane vert nytta til dei fleste hovudgudstenester i kyrkjelydar over heile landet.
3. Kyrkjerådet rår til at den liturgiske musikken ein kyrkjelyd nyttar til vanleg, i dei fleste gudstenester, er lagt inn i lokal grunnordning for kyrkjelyden. Der det føreligg godkjenningssprosedyrer for lokal grunnordning, vil prosedyrene for godkjenning gjelde for den liturgiske musikken på lik linje med liturgien elles.
4. Kyrkjerådet rår til at ein kyrkjelyd som ønskjer å nytte eit anna enkeltledd i ein serie, eller ein annan serie enn dei tre allmenne seriane, som hovudserie på fast basis, melder dette inn til biskopen.
5. Liturgisk musikk utanom hovudseriane kan nyttast ved særskilte høve.
6. Kyrkjerådet sender saka til Bispemøtet.
7. Kyrkjerådet ber om å få saka tilbake til sitt møte 5.-7. oktober, med tanke på å fremje saka for handsaming i Kyrkjemøtet 2017.
8. Kyrkjerådet gir sekretariatet mandat til å arbeide vidare med musikk til nokre sanglege liturgiske ledd utanom hovudseriane, fram til Kyrkjerådet sitt møte i oktober og Bispemøtet i oktober. Dette med tanke på å fremje saka for handsaming i Kyrkjemøtet 2017.
9. Innhaldet i dei fem hovudseriane, som med unnatak av Sanctus for festtidene, samsvarer med hovudseriane som vart sendt ut på høyring hausten 2015.

Dette vart einstemmig vedteke.

Bispemøtet handsama vidare den liturgiske musikken til hovudseriane 17.-21. oktober 2016 (sak BM 22/16). Vedtaket frå Bispemøtet er som følgjer:

Bispemøtet har ingen vesentlege læremessige innvendinger mot det fremlagte forslag til liturgisk musikk til hovedseriene, som har lagt Kirkemøtets vedtak i 2015 til grunn.

Bispemøtet vil understreke betydningen av gjenkjennelse og vil derfor bemerke følgende: Bare i særlige tilfeller bør det være åpning for å ta i bruk en annen hovedserie enn de tre allmenne hovedseriene. Også i slike tilfeller bør de ordinære prosedyrer for godkjenning gjelde, jf pkt 3 i Kirkerådets vedtak.

Saka *Liturgisk musikk – ledd utanom hovudseriane* (jamfør punkt 8 i vedtaket frå Kyrkjerådet i sak 21/16) vart handsama i Kyrkjerådet 5.-7. oktober 2016 (KR 52/16). Vedtaket er som følgjer:

Kyrkjerådet rår til at Kyrkjemøtet gjer følgjande vedtak, under føresetnad av at Bispemøtet sluttar seg til vedtaket:

1. Kyrkjemøtet ber om at det vert utarbeidd ei vegleiing for bruk av den liturgiske musikken. Vegleiinga vert å regne som ein del av «Gudsteneste for Den norske kyrkja».
2. Kyrkjemøtet ber om at det vert publisert liturgisk musikk i ei trykksak som inkluderer både hovudseriane, jamfør sak KR 38/16, og dei ledda utanom hovudseriane som kan syngjast.
3. Kyrkjemøtet vedtek følgjande ledd som kan syngjast, og som såleis vil vere å finne i den liturgiske musikken for hovudgudstenesta. Nummerering og overskrift viser til ledda i «Ordning for hovudgudstenesta», i «Gudsteneste for Den norske kyrkja»: [...]

I sjølve vedtaket frå Kyrkjerådet vart dei enkelte ledda utanom hovudseriane som kan syngjast lista opp.

Denne saka vart handsama i Bispemøtet 14. desember 2016 (BM 42/16). Bispemøtet uttalte mellom anna:

Bispemøtet vil understreke betydningen av gjenkjennelse og vil derfor bemerke følgjande: Bare i særlege tilfeller bør det vere åpning for å ta i bruk en annen hovedserie enn de tre allmenne hovedseriene. Også i slike tilfeller bør de ordinære prosedyrer for godkjenning gjelde, jf pkt 3 i Kirkerådets vedtak.

Bispemøtet hadde ingen læremessige merknader til saka og slutta seg difor til Kyrkjerådet sitt vedtak. Difor kan den liturgiske musikken til både hovudseriane og til dei andre ledda som kan syngjast bli handsama på Kyrkjemøtet 2017.

Ein eigen publikasjon og supplerande materiale

Dei fem hovudseriane vert trykte samla, i første del av samlinga med liturgisk musikk eller i eit Graduale. Det kan vere tenleg at Allmenn 3 er delt i to, slik at berre Kyrie, Gloria, Sanctus og Agnus Dei er med i den første delen, og dei andre delane av *Allmenn 3* vert trykte lenger bak i boka. Her kan òg fleire ledd følgje, jamfør sak KR 53/16. Det kan vere naudsynt å trykke nokre satsar i ulike toneartar, til dømes gjeld dette Kyrie og Gloria i *Allmenn 1*. Det er naudsynt at supplerande materiale, slik som kor-satsar og satsar for eit variert instrumentarium, vert tilgjengeleg på same tid som den no vedtekne liturgiske musikken.

Vegleiing i bruk av liturgisk musikk

I Nemnd for gudstenesteliv si handsaming av liturgisk musikk i juni 2015, rår NFG til at ein utarbeider ei konkret vegleiing om dei enkelte liturgiske ledda. NFG meiner det er naudsynt med supplerande vegleiing til utvalde ledd, i tillegg til det som i dag finst i «Gudsteneste for Den norske kyrkja».

Vegleiingsmaterialet bør gjere god greie for innhaldet og bakgrunnen for dei sanglege, liturgiske ledda. Vegleiingsmaterialet kan mellom anna innehalde lydfiler og videoeksempel med liturgisk musikk, som er tilgjengeleg samstundes med dei trykte

bøkene. Det er grunn til å leggje vekt på det metodiske arbeidet med liturgisk musikk i tida framover, slik at musikk og liturgi igjen får «feste seg» i folkekyrkja. Når den liturgiske musikken vert vedteken, no i 2017, er dette eit passande høve til å puste liv i reformasjonen og Luther sine tankar og haldningar til musikken som sentral del av gudsteneste og kristen truspraksis.

Økonomiske/administrative konsekvensar

Utgifter til å gjere ferdig manus til trykking, samt vegleiingsmateriale, vil kome på omlag 250.000 kroner. Det er òg ønskjeleg å setje av kr. 450.000 til regionale kurs. Til saman vert dette kr. 700.000,- i utgifter til produksjon og kursing. Utgiftene til produksjon av gudstenestebok er ikkje teke med her.